

ÅRSMELDING

2020



Sotra Øygarden Turlag



TURÅRET 2020

Sotra Øygarden Turlag vart stifta 12. februar etter ei samanslåing av dei tre turlaga Fjell, Sund og gamle Sotra-Øygarden Turlag. Sistnemnde var ikkje eit DNT-lag frå før.


I februar såg me fram til å starte eit nytt lokallag med nye idéar, men me var berre så vidt komne i gang då det vart full stopp i all aktivitet som følgje av koronapandemien. Sotra Øygarden Turlag hadde ingen arrangerte turar før i august.

I perioden utan aktivitet har mange hatt stor glede av Kystpasset 2020.



Foto: André Marton Pedersen

KYSTPASSET



Kystpasset er eit turhefte med 30 turmål spreidd over heile kommunen. Konseptet vart starta i Sund Turlag 2013 av Fredrik Mortensen som var leiar i Sund Turlag då. Sidan den tid har Kystpasset blitt stadig meir populært.

I mars, då alt anna var stengt ned, fekk me gleda av å lansere Kystpasset 2020. Dette vart køyrd ut til butikkar i heile kommunen same dag som leveransen kom til Straume. Me merka godt at behovet for å kome seg ut var stort. Alle butikkar vart tømt for Kystpass allereie den første veka. Sidan har me jamnleg køyrd rundt i kommunen med påfyll. Me får berre positive tilbakemeldingar om sjølve Kystpasset som konsept. I 2020 har tilbakemeldingane auka. Turgåarar er glade for å få oppdage nye turområde. Det har vore verdifullt i løpet av Koronapandemien.

Mange blir motiverte av å registrere klipp i Kystpasset, men også av å registrere fullførte turar i sjekkUT-appen. Me ser også at det er ein del som berre føl turmål i sjekkUT, uavhengig av årets Kystpass. Tidlegare turmål ligg framleis tilgjengeleg i sjekkUT.

I 2020 har me i auka grad merka at det også er nokre utfordringar knytt til Kystpasset. Det handlar då som regel om at det ikkje er tilstrekkeleg med plass til parkering, for därleg merka sti og at turskildringa ikkje har samsvar med turen. I heile juni månad var det også store problem med sjekkUT-appen. Mange mista registreringane sine for juni månad. Dette var ein feil som ramma nasjonalt pga flytting av database hjå DNT sentralt. Mykje vart retta opp, men dverre var det ein del data som gjekk tapt i denne prosessen.

Kystpasset er planlagt å verte vidareført i 2021, med utbetringar i mellom anna turskildring og merking. Me takkar alle våre sponsorar som støttar oss økonomisk til å produsere Kystpasset. Såleis kan me halde fram med Kystpasset som eit lågterskeltilbod som er tilgjengeleg for alle som ynskjer det.

Statistikk Kystpasset i Sjekk-UT 2019	2020
Totalt innsjekkingar	3316
Påmeldte deltakrar i sjekk-UT lista	660

* her manglar truleg rundt 2000 innsjekk pga databaseproblema i juni.

VETENLØPET



Vetenløpet feira 20-årsjubileum i 2020. Løpet er eit samarbeid mellom Sotra Øygarden Turlag og Glesnes ungdoms- og idrettslag. Grunna Covid-19 vart løpet arrangert ved hjelp av SjekkUT-appen i 2020.

Ein kunne delta i perioden 15. Juni -15. september. Det var 50 stykker som var registrert påmeldt.

BARNAS TURLAG / TURBOKLUBBEN



Barnas Turlag har hatt eit år med lite aktivitet som følgje av Covid-19. Det vart lagt ut to arrangement i haust der begge vart avlyst pga at ingen eller for få var påmeldt. I desember fekk me til stor glede for fleire gjennomført eit arrangement. Då hadde me Luciavandring til Signalen på Møvik. Det var 27 stykker som deltok og smittevernreglane vart tekne omsyn til.

Turboklubben har faste treff annakvar onsdag. Her var det pause frå mars til september pga smittesituasjonen. Det er ein fast gjeng med barn i alderen 5-10 år der alle

barn har med seg ein eller to vaksne. I år har det vore færre barn med i Turboklubben. Nokon av dei som var med i fjor har enten blitt for store eller dei har starta med andre fritidsaktivitetar. Leiarane i Turboklubben var samde om å ikkje ta inn fleire enn 15 barn i år pga at reglar for lovleg gruppestorleik har variert.

Me er tre turleiarar i Turboklubben.

I oktober vart det starta ei trilleturgruppe. Dette var eit populært tilbod. Det vart arrangert to trilleturar før det vart pause i all aktivitet igjen.

Kom Deg Ut-dagane

Me har arrangert to Kom Deg Ut-dagar i løpet av 2020. I februar hadde me to Kom Deg Ut arrangement sidan me då framleis var to lokallag under Bergen og Hordaland Turlag: Fjell Turlag og Sund Turlag.

Fjell Turlag hadde eit vellukka arrangement på Turboplassen på Foldnes. I strålende solskin var det fleire hundre som møtte opp. Det var mykje liv og røre. I mangel på snø var det i staden laga ein såpeglatt akebakke av grønsåpevatn. Denne var populær! Tautrekking, hammar og spiker var også populært. Pølsebordet vart fort tomt, så då vart det grilling av pinnebrød og epler i folie.

Sund Turlag hadde tradisjonen tru Kom Deg Ut-dag i Klokkarvik. Også her vart det delt ut pølser til alle som ville grille. Turbo kom og delte ut klemmar og highfives. Dei som ville fekk også prøve seg på frisbeegolf, pil og bøge.

Kom Deg Ut-dagen i september skulle verte vår første Kom Deg Ut-dag som nytt og større lokallag. Me måtte tenke kreativt pga at store forsamlingar ikkje var lov. Difor laga me til turquiz på 6 forskjellige turmål spreidd over heile kommunen. Målet med Kom Deg Ut-dagen er å få flest mogleg ut på tur. Med det konseptet me la opp til var det mange som kom seg ut på tur sjølv om véret var temmeleg grått. Det kom mange rebussvar i innboksen til Sotra Øygarden Turlag.



Samarbeid med andre lokallag

Det har ikkje vore høve til samarbeid med andre lokallag i år pga smittesituasjonen. Det var sett opp eit fellesarrangement med Bergen og Hordaland Turlag (BHT) i mai. Då skulle me ha strandryddedag, men denne vart det ikkje noko av. I staden deltok Turboklubben i Øygarden og andre Turboklubar under BHT i den digitale innsamlingsaksjonen mot plastforsøpling i havet. Turboklubben i Øygarden fekk inn 5050 kroner.

Frivillige i Barnas Turlag og Turboklubben

Me er få frivillige i Barnas Turlag. Det har ikkje vore høve til å rekruttere nye i 2020. Per i dag har me fire aktive frivillige i Barnas Turlag. Alle desse har turleiarutdanning på forskjellige nivå. Me har i tillegg ein frivillig i trilleturgruppa. I samband med Kom Deg Ut-dagane har me fått god hjelp av styremedlemmer og frivillige frå seniorgruppa.

DNT Ung

Det har ikkje vore aktivitet i ungdomsgruppa i 2020, men det er to stykk frå Øygarden som har fullført grunnleggande turleiarutdanning. Desse har vore med på DNT-ungtreff i Bergen og Hordaland Turlag.

Opptur

Det var sett opp arrangement i Sund, men dette vart avlyst grunna Covid-19. Det er ynskjeleg å få gjennomført arrangement i 2021.

SØNDAGS-, TYSDAGS- OG ONSDAGSGRUPPA

Søndagsgruppa, Tysdagsgruppa og Onsdagsgruppa er vidareføring av turgrupper frå tre tidlegare turlag.



Onsdagsgruppa på tur til Solbakka fyllet. Foto: André Marton Pedersen

SØNDAGSGRUPPA

Denne gruppa er frå tidlegare Sotra- Øygarden Turlag. Frå 12.02.2020 fekk den namnet Søndagsgruppa i det nye turlaget.

Søndagsgruppa arrangerer turar annankvar søndag frå mars til desember, delt i vår- og haustprogram.

Søndagsgruppa hadde sin første tur 08.03., som også vart den siste fram til september. Det var Covid- 19 som sa stopp for vidare gjennomføring denne våren. Også dei to siste turane i haust vart avlyst.


Gruppa hadde 16 turar på programmet for 2020, av desse vart heile ni turar avlyst. Av dei sju turane vi gjennomførte, var det totalt 81 deltagarar, derav åtte aktive turleiarar. Det er alltid to turleiarar med på kvar tur.

7- fjellsturen, som er vårens sikre teikn, vart i år avlyst i mai, men vart flytta til 27.09. Den gjekk i år for 26. gong og hadde årets høgaste deltagarliste med 17 personar, der 13 fullførte. Turen fekk det flottaste haust- og turvèr ein kunne ynskja.

Ein starta turen kl. 09.00 og kom i mål kl. 17.10. Gratulerer med vel gjennomført tur!

Det har ikkje vore noko uhell eller smitte blant deltagarane. Smittevern har heile tida vore ivaretatt på beste måte.

Frå sjufjellsturen 2020. Foto: Turid Espeskog.



TIRSDAGSGRUPPA

Dette er tidlegare Seniorgruppa og Aktiv i 100 frå Sund Turlag som i nytt turlag frå 12.02. har fått namnet Tysdagsgruppa.

Tirsdagsdagsgruppa starta sine turar 18.02.2020 og hadde 31 turar på programmet i 2020. Men på grunn av Covid-19 vart 17 turar avlyst. På dei 14 turane gruppa gjekk, har det vore totalt 222 deltakarar. 11 av dei har vore aktive turleiarar. Dei byter på å gå med to turleiarar på kvar tur.

Denne gruppa hadde få turleiarar med kurs, men i juni var det fleire som tok ambassadør- og nærturleiarkurs.

Det har vore eit turleiarmøte - for fordeling av turane.

Førstehjelpsutstyr er delt ut til turleiarar som mangla det, men heldigvis har det ikkje vore nokon uhell i denne perioden.



Tur til Algrøy. Foto Sidsel Frøkedal



Tur til Risøyna. Foto Anne-Liv Foldnes Bjørsvik.

ONSDAGSGRUPPA

Dette er tidlegare Seniorgruppa i Fjell Turlag. Frå 12.02.20 vart namnet Onsdagsgruppa i det nye turlaget.

Gruppa starta turåret med turar frå 15.01. og hadde planlagt 33 turar og arrangement, to dagar dugnad, og ein tur over fleire dagar til Golsfjellet på turkalenderen.

Men i mars måtte vi avlyse turane på grunn av Covid-19. Fram til i juni og ferien var all aktivitet i denne gruppa avlyst

Den 16.08.– 21.08. var 34 personar på tur til Golsfjell Fjellstue for å gå daglege turar. Véret var bra og for dei som ville kunne dei etter ein fin tur i fjellet ta seg eit bad i Tisleifjorden. Eit anna tilbod var yoga.

Om kveldane var det sosialt samvær med quiz med meir. Det å danse og byte dansepartnarar kunne vi ikkje gjere denne gongen. Då kom vi for nære. Det var heile tida fokus på smittevern for Covid-19 med avstand og spriting. Men det gjekk bra, ingen sjuke, og vi kosa oss.



Frå turen til Golsfjellet. Foto: Anne-Liv Foldnes Bjørsvik.

Turane i nærmiljøet frå august gjekk bra heilt fram til i november. Då vart turane avlyst igjen på grunn av Covid-19 og høge smittetal rundt omkring. Ikkje smitte i turgruppene.

Vi fekk gått til saman 18 turar i nærmiljøet og 467 personar med på tur. Medan 15 turar, mellom anna dagstur til Voss, og sosialt samvær med avslutning av turåret (juleavslutning), vart avlyst.

Dugnad med Onsdagsgruppa.

I februar var vi ni personar som var med på dugnad. Det var å setja opp skilt og anna merking av løypa rundt Bildevatnet i Fjellparken. I oktober var det dugnad over fleire dagar i Turlagshuset. Den eine dagen var vi sju personar, der også nokre tok ei økt med merking, og la ned klopper i Russarstegen.

På Kom Deg Ut-dagen i februar var tre seniorar frå denne gruppa med for å hjelpe til med det arrangementet.

Turleiarar og turleiarmøter.

Det har vore sju aktive turleiarar i gruppa i 2020. Alle med kurs. Det er alltid to turleiarar med på kvar tur. Vi har vore samla til tre turleiarmøte.

Uhell

Vi har hatt to uhell i denne gruppa i 2020. I begge tilfella vart det skade ved fall, og dei uheldige måtte til lege.

DUGNADSGRUPPA

Sotra Øygarden Turlag



Det har vore lite aktivitet i Dugnadsgruppa i 2020. Covid-19 har gjort det vanskeleg å planlegge dugnad.

I juni hadde ein liten gjeng frå Dugnadsgruppa dugnad på Gardafjellet. Det vart laga klopper over dei våtaste partia. Mykje godt arbeid er gjort her. På Vorland er det gjort litt arbeid på stien til Vorlandstua. I tillegg har stien ytre løype retning Bekhilderen blitt betre merka.

Det er behov for fleire hender i Dugnadsgruppa. Me har eit stort nettverk av stiar som skal haldast ved like eller utbetra. Dugnadsarbeidet er viktig for å forhindre slitasje på vegetasjon rundt stiane der det er vått.

Dugnadsleiaren har vore aktiv i samarbeidet rundt prosjektet Nye PiN (Perler i Nordsjøløypa). Her har mykje godt arbeid blitt utført av velforeninger og grendalag.

Dugnadsleiaren i Sotra Øygarden Turlag heldt oversikt over innkjøp av materiale.

Sotra Øygarden Turlag får økonomisk støtte frå prosjektet ved å delta i organiseringa.



OVERSIKT DUGNADSTIMAR

Sotra Øygarden Turlag



DUGNAD	Komit� / Styrearbeid	Feltarbeid	Turleiar / instrukt�r	Anna	Totalt
Tal aktivitetar	46	34	59	2	141
Tal deltagarar	223	77	117	16	433
Tal timar totalt	867	392	636	256	2151

Turar og Kurs	Vaksne		Born/ Familie		Senior		Opne arrangement	Turpostar	Medlemsm�te	Totalt
	Turar	Kurs	Turar	Kurs	Turar	Kurs				
Antall arrangement	6	3	9	0	34	0	2	30	1	55
Antall deltagarar	39	25	171	0	669	0	500	35000	27	1431
Deltakardagar	39	25	171	0	819	0	500	35000	27	1581



STYRET SITT ARBEID

Sotra Øygarden Turlag



Styret i Sotra Øygarden Turlag har hatt 9 styremedlem i 2020.

Styret har bestått av medlem som representerer dei tre tidlegare turlaga Fjell, Sund og Sotra-Øygarden Turlag.

Styret har ikkje hatt varamedlem.

STYRET I SOTRA ØYGARDEN TURLAG 2020

Heidi Reisegg Endal	Styreleiar. Leiar i Barnas Turlag / Turboklubben
Reidar Vorland	Nestleiar. Leiar i Dugnadsgruppa.
Einar Espeskog	Kasserar
Runhild Sivertsen Rokkan	Skrivar
Anne.Liv Foldnes Bjørsvik	Styremedlem. Leiar i tirsdags– og onsdagsgruppa
Gudrun Johanne Kausland	Styremedlem. Leiar i søndagsgruppa
Veronika N. Turøy	Styremedlem. Leiar i DNT-ung gruppa
Vidar Andersen	Styremedlem
Sveinung Lauvik Fjeldstad	Styremedlem

VALNEMNDA I SOTRA ØYGARDEN TURLAG 2020

Stine Sanden

Torhild Kalgraaff

Steinar Hellesund

Styret har gjennomført 6 styremøter i 2020. Eitt møte i april vart avlyst grunna Covid-19. Delar av styret har vore med på 3 samarbeidsmøter i samband med prosjektet nye PiN og Friluftslivets ferdsselsårer. Dugnadsleiar har i tillegg delteke på eitt ekstra samarbeidsmøte i samband med Nye PiN.



FELLESMØTER



I mars hadde me 3 representantar frå styret som deltok på Bergen og Hordaland Turlag sitt fellesmøte i Marken. I juni var styreleiar med på digitalt landsmøte. Landsmøte skulle gått av stabelen i Haugesund, men pga Covid-19 vart det heller samling i Tursenteret i Marken. Der vart landsmøtesakene handsama digitalt.

Bergen og Hordaland Turlag sitt fellesmøte med alle lokallaga i november vart også arrangert digitalt.

To representantar frå Sotra Øygarden Turlag sitt styre deltok på dette møtet.

LAGER OG MØTELOKALE

Turlaget hadde lager i ein konteiner ved sida av Turlagshuset på Gjerdet. Pga slitasje og rust på konteineren har Onsdagsgruppa flytta dette lageret inn i Turlagshuset. Dei malte veggane der dei seinare laga nye reolar for lagring av utstyret som var i konteineren.

Turlagshuset er i praksis ferdig, men er framleis utan permanent tilkopling av vatn og straum. Det er framleis ei midlertidig tilkopling av straum til huset. Pga Covid-19 har det ikkje vore høve til å følgje dette opp.

Turlaget nyttar huset som lager og møtelokale, men pga avstandskrav under Covid-19 har styremøter blitt arrangert i alternative lokale, stort sett i møtelokala på Sotra Arena.

Styret arbeider vidare med avklaring av vatn/avlaup til Turlagshuset når smittesituasjonen har endra seg.

Gamle Sund Turlag hadde tidlegare lager og møtelokale på Pollen skule. Då kommunen selde dette vart lagerplassen flytta til eit hus som Stranda skule disponerer. Kajakkane fekk plass i eit naust på Vorland.

DIGITALE KANALAR

Sotra Øygarden Turlag sin største informasjonskanal er Facebook. I starten av januar hadde me 1016 følgjarar. Her har me potensiale til å få fleire følgjarar ettersom Facebooksida til Fjell Turlag hadde i overkant av 2200 følgjarar medan Sund Turlag si Facebookside hadde 1265 følgjarar. Me har i tillegg ein Instagramkonto der det i starten av januar var 449 følgjarar.

Me bruker også heimesida vår sotraoygarden.dnt.no til å formidle informasjon.

Pga Covid-19 har ingen arrangement blitt oppretta på Facebook sidan 12. mars.

Alle arrangement har hatt krav om påmelding og har difor berre blitt oppretta på heimesida.

Sotra Øygarden Turlag har vore omtala i Vestnytt fleire gongar i løpet av 2020, så her har me nådd ut til fleire. I tillegg har me hatt nokre publikasjonar i medlemsbladet Sti og Varde.

Det er mange av innbyggjarane som har eit eksemplar av Kystpasset. Me vil satse på dette som ein av våre informasjonskanalar sidan me kan nå ut til fleire med viktig informasjon om lokallaget og DNT.

REKRUTTERING

Sotra Øygarden Turlag



Lokallag	Medl. 2016	Medl. 2017	Medl. 2018	Medl. 2019	Medl. 2020
Fjell	947	1053	1052	1100	
Sund	223	238	246	266	
Sotra Øygarden Turlag	(1170)	(1291)	(1298)	(1366)*	1601

*I 2019 var det totalt 1474 medlemmer, inkludert dei som var DNT-medlem i gamle Øygarden kommune.
Det er teke utgangspunkt i dette ved utrekning av medlemsvekst i 2020.

Ved utgangen av 2020 hadde Sotra Øygarden Turlag 1601 medlemmer. Dette er ei auke på 8,6 %. Sotra Øygarden Turlag er det lokallaget under BHT med størst auke i alle typer medlemskap. Me er no det nest største lokallaget under BHT.

Per i dag er det 4,2% av innbyggjarane i Øygarden som er DNT-medlem.

TURLEIARUTDANNING

I mai arrangerte Sotra Øygarden Turlag ambassadørkurs som vart etterfølgt av 2 nærturleiarkurs i starten av juni. Me fekk utdanna 12 nye nærturleiarar.

I oktober arrangerte Bergen og Hordaland Turlag grunnleggande turleiarkurs på Vending turisthytte. To representantar frå DNT-Ung Øygarden gjennomførte dette kurset.

Sotra Øygarden Turlag har registrert rundt 30 stykk med grunnleggande turleiarutdanning. Det er ein del av desse som ikkje har vore aktive dette året.

Vi ynskjer å ha flest mogleg sertifiserte turleiarar, for å sikra høg kvalitet på våre aktivitetar. Men vi treng stadig nye frivillige, og det er også ynskje om oppfrisking og meir kompetanse for dei som er aktive. Turleiarane er sentrale i all aktiviteten vår, og styret må difor ha fokus på rekruttering.



Frå nærturleiarkurs i juni. Foto: Heidi Reisegg Endal.

TRYGGLEIKSARBEID

Sotra Øygarden Turlag har fokus på tryggleiken på våre arrangement. Det er etablert fast rutine for varsling av uheldige hendingar på kvart styremøte. Alle turleiarar skal ha «turlederens beredskapsplan» med i sekken. Sotra Øygarden Turlag sin Turleiarkoordinator sørger for å oppdatere, informere og minne turleiarane om tryggleiken på våre arrangement og aktivitetar. I 2020 har vi hatt nokre uheldige hendingar på Dugnadstur. Desse vart handtert på ein profesjonell måte av ansvarleg turleiar.

KYSTFRILUFTSLIV

Frå synfaring på Buarøyna.



Foto: André Marton Pedersen

Kyst og Kystfriluftsliv har kome meir i fokus i løpet av 2020 sidan dette er DNT sitt satsingsområde i 2021. Bergen og Hordaland Turlag har eit eige utval som arbeider med kystfriluftsliv. Fredrik Mortensen er leiar i arbeidsgruppa Kystfriluftslivsaktivitetar i BHT. Leiar og nestleiar i Sotra Øygarden Turlag har delteke på to synfaringar saman med Kystfriluftslivsutvalet. Me var innom Hitsøy, Duøy og Ånesvika på den første synfaringa. På den andre synfaringa var me med til Marmorøya (Nordåsvannet), Tyssøy og Buarøyna. Sotra Øygarden Turlag har stort potensiale til å spele ei rolle i Kystfriluftslivet.

Det er stort ynskje om å starte ei Kystsportgruppe, men pga Covid-19 har det ikkje vore høve til å opprette denne nye turgruppa enno. Det vert arbeidd vidare med dette i 2021.

Sotra Øygarden Turlag har ein liten motorbåt som i dag er lagra på båthengar. Me har også fleire kajakkar i eit naust i Vorlandsvågen.

DAGSTURHYTTA

Gamle Fjell Turlag har gjeve økonomisk stønad til å få realisert den første Dagsturhytta i kommunen. Søknad vart handsama og innvilga i 2020. Modulane til hytta skulle bli levert i desember, men kom i januar 2021. Sotra Øygarden Turlag vil ha ei sentral rolle med tilsyn og bruk av hytta.



GAVER OG STØNAD TIL SOTRA ØYGARDEN TURLAG

Spleis innsamling "Gutta på tur..."	82.579 kr.
"Tenkebenk" frå HumanEtisk forbund.	
Tippemidler grasrotandel	20.606 kr
Kommunalt tilskot til allmenn kultur	4000 kr.

ØKONOMI

Sjå vedlegg.

VAL

Valnemnda sitt framlegg til styre 2021

Alle kandidatar er kontakta og har sagt ja til dei ulike verva.

Framlegg til kandidat som styreleiar (blir valt for 1 år):

1. Heidi Reisegg Endal (leiar)

Kandidatar som ikkje står på val:

1. Reidar Vorland (nestleiar)
2. Einar Espeskog
3. Vidar Andersen
4. Veronica Turøy Nilsen

Framlegg til kandidatar som styremedlemmer (blir valt for 2 år):

1. Lars Bjoland – (Kasserar)
2. Runhild Sivertsen Rokkan
3. Frøydis Sørliid Vik
4. Janne Espe Fjæreide
5. Karstein Golten

I det nye styret vil det vere 10 personar.

Revisor (blir valt for 1 år):

Framlegg:

Årsmøtet gjev det nye styret fullmakt/mandat til å finne kompetent person som fyller rolla som revisor.

Forslag til kandidatar for valnemnd (blir valt for 3år):

1. Stine Sanden på val om 2 år
2. Torhild Kalgraff på val om 1 år
3. Bjørn Nesbø blir valt for 3 år

Valnemnda vel sin eigen leiar.